

MØTEBOK

Tidspunkt: Måndag 02.11.20

Stad: Banken/Teams

Til stades på møte: Tor Helge Haara Tjemsland, Andre Botnen, Anne Marie G. Rabba, Håkon Småbrekke, Randi Legård og Sveinung Olsnes (sekretær)

Forfall:

Andre til stades på møte:

Saker til styremøtet

Sak 60/20: Meldingssaker

Sak 61/20: Eventuelt/Informasjon hendelsar frå førre møte

Sak 62/20: Sauehegne tilhøyrande beiteleigar i Ståvassvikja

Sak 63/20: Transportløyve til privathytte Kaldevatn

Sak 64/20: Vegen vidare i Ulvabotn

Sak 65/20: Allmannamøte

Sak 66/20: Oppsummering Reinsjakta 2020

Sak 67/20: Leige småviltjakt på Statskog Svandalsflona

Sak 68/20: Befaring og tilstandsrapportar av fjellstyrehyttene

Sak 69/20: Negativt utfall forsikringssak i Ståvassvikja

Sak 70/20: Informasjon om CWD

Me stadfester med dette våre underskrifter at møteboka samsvarar med det som kom fram på møtet.

Tor Helge Haara Tjemsland/s/ Håkon Småbrekke/s/ Andre Botnen/s/

Randi Legård/s/

Anne Marie G. Rabba/s/

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 481 03 170- epost: leiar.roidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roidal@fjellstyrene.no
www.hardangervidda-fjellstyra.no

Sak 60/20: Meldingssaker

Saksdokument:

2020.05.28.641.0.Vestland Fylkeskommune-løyve til utsetjing av fis
2020.06.22.642.2.2.Ullensvang kommune-Uttale til avtale om felles fiske i Uravatnet og Nedre Hellevatn
2020.06.22.642.Ullensvang kommune-Uttale til ending av generelle fiskereglar
2020.08.14.031.Statskog-div kommunikasjon vedr sauehegne skyttarhuset
2020.08.14.031.Statskog-Leigeavtale sanketrå-sauehegne ståvassv
2020.08.14.035.0.TIL leigetakar-Kontrakt leige av areal til sauehegne
2020.08.18.012.1.2.Ullensvang kommune- godkjenning reglar for rypejakt
2020.08.20.035-FRÅ Hustoft Jon-ynskje om å ikkje gå vidare med grusing av hegn
2020.09.02.035.0-Tilstandsrapport Gamlabue
2020.09.03.35-FRÅ Statskog-innspel til arealdisp vedr tunellrehab mm
2020.09.05.035.0-Kostnadsoverslag Ninive
2020.09.11.35-TIL Statskog-dialog og tilbakemelding vedr tunnellrehab mm
2020.09.21.001.5.Uttale utvida jakt-nemd
2020.09.21.035.0.FRÅ Gjensidige-Avslag naturskade
2020.10.06.652.FMVestland-Avslag på søknad utsetting av fisk
2020.10.08.001.4. INN Ullensvang ungdomsråd- Mangel på jegerprøveinstruktørar
2020.10.12.652.Miljødirektoratet-Klage vatn innforbi NP
2020.10.12.652.Miljødirektoratet-Klage vatn utforbi NP
2020.10.16.35-FRÅ DNT-Varsel om revarding av ruter på Hardangervidda

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Referat:

Leiar går gjennom meldingssakene. Orienterar spesielt om fiskeutsetting og påklaging av denne saka. Vidare vert det orientert om anleggsarbeidet over Haukeli. Her er det noko grunndisponering som fjellstyret har fått melding om. Fjellstyret har fått dette på epost og sett gjennom dette.

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande.

Styret har ikkje merknader til grunndisponeringstiltak i samband med utbedring av fresefelt og nye skredsikringstiltak ved Haukelitunellen.

Sak 61/20: Eventuelt/Informasjon hendelsar frå førre møte

Saksdokument:

Saksutgreiing:

- Tor Helge har fullført båtopplegget ved Holmavatnet og låst båten med kodelås.



- Det er berre gjort nokre småinnkjøp sidan førre gong; værbeskytting til nøkkelboks og to rustfrie vassbytter Eriksbu. Samt noko utstyr til å fikse vindu i Gamlabua. Sendte dette inn med Oddvar Øvregård m.fl. på helikopter. Dei fiksa vinduet (ville ikkje ha betalt for transport!). Nøkkelboks i Eriksbu vart reparert av diverse lokale innslag (ingen nemnt, ingen gløymt...).

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Orientering ved leiar. Går gjennom saksutgreiinga.

Går i tillegg gjennom desse sakene:

- Leiar har fått rapport om uheldig episode med fiske i Hellevatn Ein bør ta kontakt med Vinje kommune og få ein dialog om dette.
- Leiar og kasserar har gått gjennom inntekter for leige av hytter- dette ser stort sett ok ut.
- Det har vore problem med sal av småviltkort på Inatur. Her er det svært mange utanbygds som har kjøpt kort for innanbygds. Dette må det gjerast noko med til neste år. Styret ynskjer her å følge opp dei som har kjøpt feil kort og oppmode dei til å betale mellomlegget.
- Leiar opplyser at det har kome spørsmål om å arrangere feltkontrollørkurs i Røldal. Meiner fjellstyret kan bidra med organisering og tilrettelegging dersom ein kan få tilby kurs til rimlegare pris.

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande.

Sekretær orienterar Vinje kommune om fiskesaka. Fiskerapportane frå 2004 og 2018 vert sendt Vinje kommune og eigar av Storhellereigedommen til deira informasjon.

Sekretær sender epost til jegerar som har kjøpt feil kort og oppmodar om å betale inn mellomlegget.

Leiar får fullmakt til å organisere kurs for å bli feltkontrollør. Styret er positive til at fjellstyret kan dekke noko av kostnadene med kurset for å gje billigare kurs til deltakarane.

Sak 62/20: Sauehegne tilhøyrande beiteleigar i Ståvassvikja**Saksdokument:**

Kontrakt Statskog

Kontrakt mellom Fjellstyret og beiteleigar

Saksutgreiing:

- Sak (frå julimøtet) om sauehegna tok ein ny vending. Når Statskog kom på banen vart det klart at lovar og reglar ikkje er følgt når sauehegna vart sett opp. Statskog ville difor inngå avtale med beiteleigar. Tor Helge var ikkje einig i dette, då dette ville «låst» oss meir enn ynskjeleg til beiteleigar. Etter førespurnad frå Tor Helge, inngjekk då heller Statskog avtalen om sauehegna direkte



- med fjellstyre. Det vart så utforma ein tilleggskontrakt til beiteavtalen, der me framleigar sauehegna til beiteleigar i Ståvassvikja (sjølvstøtt vederlagsfritt).
- Signal frå beiteleigar var at han var lunken til denne løysinga. Fekk ikkje vite kvifor. Det enda i alle fall med at beiteleigar likevel ikkje kjem til å utbetra hegna.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Orientering ved leiar.

Saka er avslutta då leigetakar har skrive under avtale om hegne. Leigetakar ynskjer likevel ikkje å utbetre denne.

Leiar meiner ein må ha ein gjennomgang med alle beitebrukarane for å gå gjennom alle hegner og gjerder, slik at dette vert formelt rett.

Vedtak:

Fjellstyret tek sikte på å få til eit møte med beitebrukarane (Sveigen beitelag) neste år.

Sak 63/20: Transportløyve til privathytte Kaldevatn

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Fjellstyret vidareførte i sak 43/20 delvis eit tidlegare vedtak angåande motorferdsel i området sør for E134:

«Fjellstyret ynskjer i utgangspunktet ikkje å ha motorferdsle på Røldal SA sør for E134. I spesielle tilfelle får leiar fullmakt til å gje løyve til enkeltturar etter søknad. Køyning med heimel direkte i lov er ikkje omfatta av vedtaket og vert såleis tillete.»

Det ligg ei privathytte på statsallmenninga i det aktuelle området. Dette ligg i området nær lukehus/dam på Kaldevatnet, og soleis i nærleiken av scooterløypa til Hydro Energi. Eigar av denne hytta søker om scooterløyve kvart år til transport av ved og liknande. Fjellstyret har også førre vinter gjeve innspel til eit planlagt byggeprosjekt ved hytta.

Vedtaket, slik det er fatta, medfører at leiar berre har lov til å gje tillating til enkeltturar. Tor Helge ynskjer at han og brukarane av hytta, skal få ein noko meir smidig ordning.

Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyre endrar ordlyden i tidlegare vedtak til:

«Fjellstyret ynskjer i utgangspunktet ikkje å ha motorferdsle på Røldal SA sør for E134. I spesielle tilfelle får leiar fullmakt til å gje løyve til enkeltturar etter søknad. Køyning med heimel direkte i lov er ikkje omfatta av vedtaket og vert såleis tillete. Fjellstyret gjev og løyve til brukar/eigar av privat hytte ved Kaldevatn når løyve om motorferdsle er gjeve av forvaltningsmyndigheit.»

Referat:



Kort innleiing ved leiar.

Fjellstyret ser problemstillinga og ynskjer å legge til rette for ei smidigare ordning. Det kjem fram forslag til endring av forslaget til vedtak. Eit tillegg som peikar på at utgangspunktet for køyringa skal vere Midtlæger er ynskjeleg.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre endrar ordlyden i tidlegare vedtak til:

«Fjellstyret ynskjer i utgangspunktet ikkje å ha motorferdsle på Røldal SA sør for E134. I spesielle tilfelle får leiar fullmakt til å gje løyve til enkeltturar etter søknad. Køyring med heimel direkte i lov er ikkje omfatta av vedtaket og vert såleis tillete. Fjellstyret gjev og løyve til brukar/eigar av privat hytte ved Kaldevatn når løyve om motorferdsle er gjeve av forvaltningsmyndigheit. Utgangspunktet for køyringa til hytte ved Kaldevatn skal vere Midtlæger»

Sak 64/20: Vegen vidare i Ulvabotn

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Fjellstyret må ta stilling til kva dei ynskjer å gjere med stølen i Ulvabotn. Planane om nybygg vart i sak 28/19 «lagt på is» til nytt fjellstyre overtok. Noverande fjellstyre utsette avgjersla vidare i februar ved å tilby eit års leigekontrakt til tidlegare leigetakar. Tor Helge var på omvisning med noverande leigetakar i slutten av juli. Kort oppsummert så må fjellstyret ta stilling til som skal skje med stølen. Noverande tilstand er begredeleg. Som eit minimum må vinduer og kledning skiftast, samt eit nytt bislag settast opp. Hytta oppfyller heller ikkje dagens byggestandard inne, då takhøgde mellom bjelkane er om lag 190.

Fjoset funkjar til sitt bruk i følgje leigetakar. Det gamle maskinbygget bør rivast. Taket på Eldhuset vart øydelagd i vinter, men bør ikkje vera for kostbart å sette i stand.

Tor Helge sitt synspunkt: Hytta i Ulvabotn har berre har verdi om den vert sett i stand som den er. Mest sannsynleg er dette ei veldig gamal tømra. Å rive hytta for å bygge ny utleiehytte gjev ingen meining verken økonomisk eller prinsipielt.

Det er viktig å hugse på prosessen Røldal Fjellstyre var gjennom då me fekk behalde eigarskapet til stølane på Haukeli. (At eit fjellstyre har eigarskap til stolar er ganske unikt, og ikkje i tråd med Fjellogen. Eit av argumenta brukt av Røldal Fjellstyre den gong var at me ikkje ynskja at stølane skulle ende opp med å verta privateigde hytter. For innanbygdsbuande vil sannsynleg ikkje ei utleiehytte på Haukeli heller ha nokon verdi. Ei totalvurdering gjere dermed at det ikkje gjev meining å bruke pengar på å rive for å bygge ei ny hytte. Spørsmålet vert då kva me skal gjere med hytta som allereie er der.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Innleiing ved leiar.



Håkon: vanskeleg å forsvare auka tilrettelegging for turisme i dette området.

Tor Helge: meiner heilt klart at det økonomiske uansett ikkje vil gå saman.

Randi: vil heller sanere denne hytta og bruke pengar ein annan stad.

Andre: det er ei belastning å ha alle desse bygga her oppe og spesielt denne. Det kostar veldig mykje og er på feil plass.

Tor Helge: meiner ikkje det vil vere stor interesse for å nytte denne som fjellstyrehytte blant innanbygds.

Randi: dersom ein steller opp hytta kan ho vere aktuell for bornefamiliar og for rekruttering.

Håkon: dersom det vert lang tunell under Haukelifjell vert denne hytta svært vansekleg å kome til. Lite aktuell å bruke for mange.

Tor Helge: dersom ein må velje er det betre å bruke pengane i Ståvassvikja. Meiner vidare at dersom det går an å få til ei avtale med nokon om langtidsleige mot vedlikehald er dette ei god løysing med minimalt med arbeid for fjellstyret. Må då vere klare vilkår om kva som skal gjerast.

Håkon: dette bør drøftast på allmannamøtet.

Sveinung: ein må og sjekke opp det juridiske mht langtidsutleige av fjellstyrehytter.

Vedtak:

Fjellstyret tek opp saka på allmannamøtet og luftar stemninga der.

Sekretær sjekkar opp i det juridiske rundt langtidsutleige av fjellstyrehytter.

Sak 65/20: Allmannamøte

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Fjellstyret har sidan i vår annonsert at det vil verta eit allmannamøte for brukarane til etter jakta.

Dette bør la seg gjennomføra i løpet av dei neste vekene. (Påmelding p.g.a. korona?). Slik situasjonen er med reinsdyra, bør me kanskje vera bestemte på at reinsdyr ikkje er eit tema på dette møtet?

Tor Helge sitt forslag til agenda:

- Rikets tilstand
 - o Tor Helge presenterer stygge tal og bilder
- Fjellstyrehytter
 - o Utleigepraksis, vedlikehald, nybygg/renovering
- Stølar og beite på Haukeli
 - o Utleigepraksis, vedlikehald og framtidig praksis
- Hardangervidda Fjellospsyn
 - o Korleis fungerer det og kva brukar me dei til?
- Samjakt
 - o Erfaringar frå årets jakt og framtidsutsikter
- Generelt Jakt og fiske
 - o Garnfiske for utanbygds, Inatur, tankar rundt ny organisering av småviltjakta

Framlegg til vedtak:

Ingen



Referat:

Gjennomgang ved leiar.

Tor Helge meiner dette bør gjennomførast snarast mogeleg pga coronasituasjonen. Bør då vere i storsalen med god avstand mellom stolane. Det bør og vere maks 50 personar og påmelding.

Styret går gjennom tema for møtet og landar på tema som framlagt i saksutgreiinga.

Vedtak:

Styret tek sikte på å organisere allmannamøte den 30 november. Tor Helge organiserar dette i samråd med resten av styret.

Sak 66/20: Oppsummering Reinsjakta 2020

Saksdokument:**Saksutgreiing:**

- Organiseringa av jakta har vore ein stor arbeidsbelastning for Tor Helge. Fleire orsakar:
 - Mange jegerar medfører sjølvsgt meir arbeid
 - Koronasituasjonen medførte eit behov for ei «ekstraordinær» organisering av utleige av fjellstyrehyttene. Utfordrande å halde «kontroll» på jegerane, viktig m.t.p. eventuell smittesporing.
 - Sett vekk frå arbeidsmengden, må hytteutleiga seiast å ha fungert bra. Sjølvsgt noko misnøye frå innanbygds, då med tanke på utanbygdsjegerar, samt måten fjellstyret valde å organisera utleiga.
 - Sal av kort på Inatur/utanbygdsjegerar medførte enormt arbeid.
 - «Ukjente» jegerar frå heile landet, hadde sjølvsgt mange spørsmål å stille før dei var villige til å bruke 6000 kroner → mykje telefonar + mykje logistikk m.t.p. sending og innkreving av kort. Kostanden på 9000 kroner frå Inatur kan i så måte ikkje forsvarast (meinar Tor Helge).
 - Enda opp med ein hybridløysing, då me selde dei siste korta uavhengig av trekningslista. (Som vedtatt, solgte me til 30 jegerar via Inatur).
 - Prisen ein betalar for ukjente/uerfarne jegerar i terrenget, er uheldige jaktsituasjonar. I år kan ikkje dette seiast å ha vore noko stort problem, då dei fleste i år fekk ein sjanse til pga uvanleg gunstig vèrforhald i jakta. I «vanlege» år, ville dette medført store gnissingar.
- Samjaktavtalane:
 - HA290 og HA300. Få har benytta seg av desse. 5 jegerar frå HA300 (8 kort) og 2 frå HA290 (to kort). Dette er færre enn forventa. Det virkar som om avtalane er skikkeleg kommunisert ut av dei to forskjellige valda. Elles vore veldig lite kontroversar rundt avtalen. Einaste to konkrete episodar stammar frå fyrste dagen:
 - Jeger som berre har løyve på HA300 låg i Hedlevass og jakta fyrste dagen (med godkjent overgongsavtale). I henhald til samjaksavtalen er dette ikkje «gentleman» oppførsel.
 - Rapport om at jeger utan overgongsavtale nok likevel jakta på statsallmenninga.



Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Orientering ved leiar.

Det vart felt 115 av 206 dyr, noko som er eit historisk godt resultat på Røldal SA. Innanbygds hadde ein fellingsprosent på 64 og utanbygds 38.

Leiar ynskjer å påpeike at det har vore svært mykje arbeid med organisering av reinskort. Dette må endrast neste år. Ein må ta tak i dette på eit tidleg møte på nyåret. Det vert påpeika at fjellstyret tidlegare har diskutert at ein må vere tidlegare ute med søknadsfristen for å kome i gang med arbeidet tidlegare.

Leiar viser til avtale med HA 300 og meiner fjellstyret må tak kontakt for å minne dei på at samjaktavtale for komande år har som vilkår at dei må organisere seg.

Det vert og orientering om at det har kome reaksjonar på slakting gjort av utanbygds jegerar. Det her her snakk om slakt der det stort sett berre er gonglemaner som er fjerna og ikkje meir. Dette ser ikkje bra ut og vil for dei fleste verte oppfatta som heilt feil.

Det er ikkje noko fjellstyret får gjort med dette ut over å kontakte vedkomande og forklare at det vert reagert frå andre jegerar.

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande og kjem attende til organisering av reinsjakta på fyrste møte på nyåret.

Sak 67/20: Leige småviltjakt på Statskog Svandalsflona**Saksdokument:****Saksutgreiing:**

Tor Helge meiner at Røldal Fjellstyre bør ta stilling til om me skal forsøke å igjen få leige småviltjakta på Statskog sin eigedom på Svandalsflona att. Dette fordi det vert betre viltforvaltning i større jaktfelt. Ein eliminerer også irritasjonsmomentet ved jegerar som krysser grenser og liknande. Den ekstra kostnaden kan muligens tas inn att ved justeringar på antal tilgjengelege kort. Ved å auke jaktområdet noko, så vil det følgeleg også verte plass til nokre ekstra jegerar. Eventuelt kan kostnaden også dekkast ved å justere prisen på sesongkortet opp til kostnadsramma ($150 \times 10 + 300 \times 15 = 1500 + 4500 = 6000$).

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Leiar orienterar.

Det kjem fram forslag om å høyre med jegerane om det er aktuelt å betale meir for korta dersom dei kan jakte på dette området også.



Vedtak:

Leiar undersøker med jegerar om betalingsvilje.

Sekretær undersøker med Statskog om det er aktuelt å leige dette ut på nytt og til kva for pris.

Styret kjem så tilbake til saka.

Sak 68/20: Befaring og tilstandsrapportar av fjellstyrehyttene.

Saksdokument:

Tilstandsrapportar og prisoverslag er sendt ut tidlegare

Saksutgreiing:

I henhold til tidlegare vedtak fekk Tor Helge organisert befaring av dei tre fjellstyrehyttene. På Ninive, kor denne rapporten var klar før førre møte, har det og vorte sett opp eit kostnadsforslag.

Fjellstyre må sjå over dei forskjellige punkta og prioritere kva vedlikehald som må gjerast i 2021. Dette må informerast ut til brukarane, som må på banen, og hjelpe til med dugnad.

Sekretær/leiar må få fullmakt til å byrje å søkje etter pengar til opprusting av Ninive.

Byggesøknadar og transportløyve til dei forskjellige hyttene må også på plass.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Kort orientering om tilstand og rapportar ved leiar.

Styret samlar seg om at det er viktigast å prioritere Ninive komande år. Styret ynskjer då å ta denne skikkeleg. Det må søkjast pengar til arbeidet.

Vedtak:

Styret ynskjer å gjere naudsynt arbeid på Ninive komande år i tråd med prisoverslag og tilstandsrapport.

Sekretær får ansvar for å sende søknad om fasadeendring (nytt tak)

Sekretær får ansvar for å sende søknad om støtte.

Leiar leiger nokon til å teikne hytta for vedlegg til søknader. Leiar søkjer Røldal Grunneigarlag om å vederlagsfritt får grunneigars tillating til motorferdsel ut denne fjellstyreperioden.

Sak 69/20: Negativt utfall forsikringssak i Ståvassvikja

Saksdokument:

Avslag forsikringssak er sendt ut tidlegare

Saksutgreiing:

Måtte i løpet av sommaren på to befaringar. Svein og Håkon var inn ein tur i byrjinga av august med ein takst mann. Det vart ynskje om ei ny befaring. Svein var då inn åleine med takstmann nr. 2.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Orientering ved Håkon og Randi.

Randi har hatt tråden i dette og har sjekka ut klagemogeleghetene. Det er 6 mnd klagefrist på dette vedtaket. Håkon seier seg villig til å utarbeide klage i samarbeid med Svein Myrheim.

Vedtak:

Fjellstyret ynskjer å klage på vedtaket og Håkon tek ansvar for at dette vert gjort.

Sak 70/20: Informasjon om CWD

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Det vert gjeve informasjon om den seiste utviklinga i CWD spørsmålet og informert om status. Ein tek og sikte på å gå gjennom kor ein kan finne god og relevant informasjon om CWD.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Orientering ved sekretær.

- Det har ikkje kome fram noko konkret nytt sidan seiste referat vart utsendt.
- Det er laga ei CWD gruppe for Hardangervidda med representantar frå Mattilsynet, Veterinærinstituttet, Miljødirektoratet, NINA, Fjellstyra, HG, Nemnda og Utvalet. Her er fjellstyra representert ved leiar Vebjørn Håvardrud og sekretær Sveinung Olsnes.
- Referat frå møteverksemd i CWD gruppa vert sendt ut til alle fortløpande.
- Det er pr i dag ikkje noko som er klart mht tiltak komande vinter.
- Ein må kunne forvente at det vil bli sett i gang tiltak som vil påverke Røldal SA i stor grad. Ein tenker då på utveksling av dyr over E134. Denne aktiviteten er ikkje ynskjeleg og vil nok bli freista stoppa. Korleis dette skal gjerast er ikkje kjent pr i dag.

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande.

